



Hjelmeland Kontrollutval

Årsmelding 2023





Innleiing

Kontrollutvalet er eit lovpålagt organ, som på vegne av kommunestyret skal føra tilsyn med den kommunale forvaltninga både administrativt og politisk. Kontrollutvalet skal årleg rapportera om aktiviteten og resultatet av arbeidet sitt til kommunestyret. I den forbindelse gir kontrollutvalet ein samla årsmelding for utvalet sitt arbeid.

Årsmeldinga skal gi eit bilde av utvalet si formelle rolle, rekneskap, forholdet til revisjonen og sekretariatet, og dei viktigaste sakene som er behandla gjennom året. Årsmeldinga bør sjåast i samanheng med vedtatte planar.

Kontrollutvalet er direkte underlagt kommunestyret, og har derfor ikkje tilsynsansvar for kommunestyret.

Kontrollutvalet sitt arbeid i 2023

I 2023 har kontrollutvalet hatt 5 møte og har behandla i alt 39 saker. I tillegg kjem referatsaker. For 2024 er det planlagt 5 møte i kontrollutvalet.

Utfyllande informasjon om saker og møta finns på kontrollutvalet si nettside; www.kontrollutv.no.

Tilsyn med forvaltninga

Som eit ledd i tilsynet med forvaltninga har kontrollutvalet invitert administrative leiarar for å orientere kontrollutvalet i aktuelle saker. Det har ikkje vore orienteringar i 2023.

Rekneskap og revisjon

Kontrollutvalet har ansvar for å sjå til at kommunen har ei forsvarleg revisjonsordning. Revisor rapporterte om resultatet av sitt arbeid samtidig som årsrekneskapen blei lagt fram. Kontrollutvalet blei òg orientert om revisor sine planar for kommande revisjonsår, og mottar årleg lovfesta egenerklæring om oppdragsansvarleg revisor sin uavhengigheit. Kontrollutvalet har i tråd med regelverket behandla følgjande saker knytt til rekneskapen og budsjettet til kommunen:

- kontrollutvalet gav uttale om årsrekneskapen til Hjelmeland kommune og årsberetning 2022 til kommunestyret
- forenkla etterlevelsesk kontroll (FEK) Hjelmeland kommune 2022
- orientering om rekneskapen til kommunen pr. 1. tertial 2023
- orientering om rekneskapen til kommunen pr. 2 tertial 2023
- vedtatt budsjett for kontroll og tilsyn 2024



Revisor hadde ingen merknader i revisjonsberetningen eller årsoppgjersnotatet som kravde særskild oppfølging for kontrollutvalet.

Forvaltningsrevisjon

Kontrollutvalet skal ifølgje forskrifta avgi rapport til kommunestyret om kva forvaltningsrevisjonar som er gjennomførte og om resultatane av desse. Rapportane med funn og anbefalingar, samt kommentarane frå kommunedirektøren, er derfor oversendt kommunestyret for sluttbehandling fortløpande.

Kontrollutvalet har bestilt følgjande rapportar for levering i 2024:

- «Psykisk helse», blei bestilt 9. juni 2023.

Kontrollutvalet har behandla følgjande rapportar i 2023:

- «Kompetanse og kapasitet i pleie- og omsorgstenesta», blei behandla 8. september 2023.

Kontrollutvalet har hatt følgjande rapportar til oppfølging i løpet av 2023:

- «Attraktiv arbeidsgjevar og kritisk kompetanse», blei følgd opp 8. september 2023.

Andre bestillingar vil skje i samsvar med vedtatt budsjett for 2024 og eventuelt omsøkte løyvingar.

Kontrollutvalet har direkte innstillingsrett til kommunestyret ved realitetsbehandling av saker om forvaltningsrevisjonsrapport/undersøkingar. Når kontrollutvalet har behandla ein forvaltningsrevisjonsrapport, blir den oversendt kommunestyret for sluttbehandling. Det same gjeld for oppfølging av kommunestyrevedtaket knytt til tidlegare gjennomførte forvaltningsrevisjonar og eigarskapkontrollar.

Eigarskapkontrollar

Kontrollutvalet har ansvar for å sjå til at det blir ført kontroll med forvaltning av interessene til kommunen i selskap m.m. (eigarskapkontroll). Eigarskapkontrollar skal gjennomførast i samsvar med gjeldande plan for eigarskapkontroll vedtatt i kommunestyret og innanfor vedtatt budsjetttramme.

Kontrollutvalet har bestilt følgjande eigarskapkontrollar i 2023:

- Eigarskapkontroll med forvaltningsrevisjon av IVAR IKS, bestilt 17. november 2023



Kontrollutvalget skal behandla følgjande eigarskapskontrollar i 2024:

- Eigarskapskontroll med forvaltningsrevisjon av Lyse AS, blei bestilt 03.06.2022.

Budsjett og rekneskap for kontrollutvalet

Kontrollutvalet har i tråd med forskrift utarbeidd forslag til budsjett for kontroll og tilsyn for 2024. Budsjettforslaget frå kontrollutvalet kan berre endrast av kontrollutvalet sjølv, eller i den politiske behandlinga i formannskapet og kommunestyret. Budsjettet til selskapa som kommunen kjøper tenester frå blir fastset av styret/representantskapet i selskapa.

Kontrollutvalet opptre på vegne av, og er direkte underordna kommunestyret. Det er derfor av betydning for kommunestyret å bli kjent med vurderinga frå kontrollutvalet av det økonomiske behovet for kontroll- og tilsynsarbeid. Budsjettforslaga frå kontrollutvalet blir derfor sendt kommunen for framlegging i kommunestyret saman med dei samla budsjettforslaga frå kommunen.

Kontrollutvalet har i løpet av året behandla tertialvise rekneskapsrapportar for eige budsjettområde for å følgje opp budsjettansvaret sitt.

Anna

Kontrollutvalet skal rapportere resultatet av sitt arbeid til kommunestyret. Som eit ledd i dette har kontrollutvalet utarbeidd årsmelding for 2022 og årsplan for 2024. Begge er sende til kommunestyret til orientering.

Kontrollutvalet har vedtatt møteplan for 2024.

Kompetanse og opplæring

Det blir stadig stilt større krav og forventningar til kompetansen frå kontrollutvalet, både frå det politiske miljøet og innbyggerane i kommunen. Kunnskap om rolla frå kontrollutvalet, oppgåver, og lovverk er nødvendig for å utføra dei oppgåvene som kjem fram av lov og forskrift.

Slik opplæring og kursverksemd kan skje lokalt eller gjennom sentrale tilbod. Kontrollutvalet blir invitert årleg til «Landskonferansen for kontrollutval» i regi av Norges kommunerevisorforbund og «fagkonferansen» i regi av Forum for kontroll og tilsyn.

Dette er viktige samlingar for å tilføra medlemmene i kontrollutvalet ny kunnskap, og det er ein arena der kontrollutvalsmedlemmer frå heile landet møtes og drøftar saker og arbeidsmetodar



I starten av valperioden blir det gitt opplæring i ulike tema frå sekretariatet, revisjonen og kommuneadministrasjonen.

Organisering

Kontrollutvalets administrasjon

Kontrollutvalet skal ha eigen administrasjon for at utvalet skal vere uavhengig av både revisor og den kommunale administrasjonen. Det er Rogaland Kontrollutvalgssekretariat IKS som tar seg av administrasjonsoppgåvene for kontrollutvalet i Hjelmeland.

Kontrollutvalssekretariatet er støttespelar for kontrollutvalet og er viktig for eit godt og effektivt kontrollarbeid i utvalet. Sekretariatet skal sjå til at dei sakene som blir behandla av kontrollutvalet er forsvarleg greidde ut, og at utvalet sitt vedtak blir iverksett. Sekretariatet bistår vidare kontrollutvalet med mellom anna oppgåver knytt til administrasjon, rådgiving og koordinering. I det løypande arbeidet er sekretariatet bindeledd mellom kontrollutvalet, revisjonen og kommuneadministrasjonen.

Den som utfører sekretariatsoppgåver for kontrollutvalet, er direkte underordna kontrollutvalet og skal følgja dei retningslinjene og pålegg som utvalet gir.

Revisjonen

Hjelmeland kommune kjøper revisjonstenestene sine frå Rogaland Revisjon IKS. Revisjonen utfører rekneskapsrevisjon, forenkla etterlevelseskontroll, forvaltningsrevisjon og eigarskapkontroll for kommunen. I tillegg kan revisor gjennomføre andre oppdrag etter avtale. Revisor har møte- og talerett på møta til kontrollutvalet.

Samarbeid

Kontrollutvalet har eit godt samarbeid internt i gruppa, og har ein god dialog med administrasjonen, revisjonen og sekretariatet.

Kontrollutvalets medlemmer

Medlemmer:

- | | |
|-------------------------------|-----|
| 1. Astrid Fossaa Viga (leiar) | H |
| 2. Bjørg Hetlelid (nestleiar) | H |
| 3. Oddvar Skiftun | SP |
| 4. Nadiya Oye-Fenchak | Krf |
| 5. Jakob Nessa | AP |



Varamedlemmer:

Anne Tove Ingvaldstad	SP
Sven Gjil Westersjø	AP
Jamaa Nouissri	SV
Bjørn Solberg	H
Geir Morten Sandanger	H
Håkon Helgøy	Krf

Møtesekretær:

Silje Annett Myrvang

Hjelmeland, 23. februar 2024

Astrid Fossaa Viga, Leiar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og trenger ikkje signatur